

## Brotet

Himmelen var lyseblå under eit tynt slør av kvitt. Sola dirra bak skydekket, lågt på himmelen og kasta svake stråler ned mot byen. Det var kaldt – det var alltid kaldt når lokket av tjukke regnskyar forsvann; hausten var komen med stormfart. Lauvet hadde krympa inn og blitt oransje over natta, virka det som. Gjertrud skygga for auga med handa. Den låge sola gjorde det vanskeleg sjølv om ein hadde på seg solbriller. Vinden var kald; dei svake pusta gjorde kinn rosa og dei tjukke jakkene byrja å dukke fram. Ho hadde høyrte om snø andre plassar i landet allereie. Gjertrud grøssa med tanken på vinteren som var i anmarsj. Ho hadde mareritt om hagl, islagte vegar og meterhøge snøfonner.

Jakka hadde ho kasta frå seg i bilen. Ho hadde arbeidde seg varm; den kalde lufta var god mot den overoppheta huda hennar. Ho kjende ryggen stivna til der ho stod og såg utover Festplassen. Ho hadde ikkje mange åra igjen no, ho kjende at kroppen var hjarteleg einig – men ho hadde ikkje lyst å gi seg. Dette var livet hennar; plantene, beda, alle plenane, trea, buskane – alt var hennar domene. Det var ingenting som venta på ho etter dette. Gjertrud la tankane frå seg. Det var enda eit par år til; det var ingen mening i å ta sorgene på forskot. Ho snudde seg, drog den ein-gong-oransje genseren lengre ned over den bulande magen. Ho keik bort på kollegaene sine; unge og spreke. Ho beit i seg bitterheita og sette i gang, ledda skreik si motstand i det ho greip tak i spaden. Arbeidde skulle ikkje få lide berre fordi ho hadde ein dårleg dag.

Det var begynt å mørkne når ho parkerte bilen trygt framfor garasjen. Ho sat ei stund og stirra på den flassande garasjeporten. Dei hadde berre måla den på nytt to gonger på dei tjuufem åra dei hadde eigd huset. Det var mange år sida noko som helst hadde vore målt no. Huset var ikkje stort, men vedlikehald hadde aldri vore noko praksis hos dei. Hagen var det motsett med; eit lite stykke paradis. Den var stelt til perfeksjon – ho tok stoltheit i arbeidet sitt. Huset var det ingenting å vere stolt over; verken utsida eller innsida. Vindauga var skitne, målinga var slitt og falma, det mangla eit par taksteinar og eine trappetrinnet inne var knekt på midten.

Døra var låst. Ho stirra tomt på den, han pla som regel å vere heime lenge før ho. Ho kjende ein uro i magen, men låste opp og fortsette som om alt var normalt.

Han kom ikkje heim til middag. Han kom heller ikkje til «*Nytt på Nytt*» begynte klokka ni. Ho kasta rolege blick mot telefonen, men den låg daud og stille på telefonbenken. Det var ingen lapp nokon plass som forklarte kvifor; ho hadde leita gjennom heile huset. Ho keik ned på den store, klumpete Nokia mobiltelefonen. Det var ingen meldingar eller tapte anrop. Den kvelden klarte ho ikkje og sovne. Ho hadde eit tungt sovehjarte – ho snorka på lik linje som ein full sjauebryggar. Svanhild meinte ho kunne sove gjennom ei atombombe. Men denne kvelden klarte ho altså ikkje å sove. Ho hørte bilane som køyrte forbi vindaugget hennar ti gongar betre enn før; klokka på kommoden tikka høglydt. Kvar einaste lyd var plutselig øyredøyvande. Kvar nytt knirk drog henne ut av den urolege døsen som hadde overtatt for søvnen. Dei to kattane vandra inn og ut av rommet; hjarta sprang inn i ein gallopp for kvar lyd. Ho huska ikkje meir etter klokka var fem på morgonen – han var ikkje komen heim.

Han kom ikkje i løpet av laurdagsmorgonen. Han tok ikkje telefonen. Ho ringte systema si, men ho hadde ikkje tid til å snakke. Svanhild var oppteken med dei fem barnebarna ho hadde på besøk den helga. Olga var på tur med mannen til Frankrike. Ho vaka ved kjøkkenvindaugget, tok seg i å lengta etter å sjå Ole Johannes sin figur kome haltande rundt garasjehjørna. Han kom ikkje til middag den dagen heller.

Gjertrud rømde ut i den vesle hagen. På kvar side av hagen hadde naboane sett opp høge gjerder av tre. Frå hagen såg ein rett opp ein bratt bakke med vissent gras og små trær. Det skulle kome hus der snart; ho kunne skimte folk lengre oppe i bakken saga ned dei store trea. Vêret hadde skifta i løpet av natta; lokket var på igjen. Tunge, grå skyer rulla sakte over hovudet hennar. Vinden var sterkare, men kulden som hadde glidd rett gjennom sprekkane i huset var ikkje til stades i dag. Gjertrud trådde litt rundt, klar over at det ikkje var mykje å gjere anna enn å rake lauv, men haldt seg der ute i nokre timar. Var opptatt heile tida, men gjorde eigentleg ingenting.

Eit kuldegys for nedover ryggen hennar i det ho tråkka inn i det mørklagte huset. Himmelen opna slusene sine og lyset var på flukt frå denne dagen òg – der stod han. Midt i stova, med hendene i lommene og stirra ut i hagen. Han såg frisk ut. Han hadde lenge gått rundt med eit grått fjes, tunge poser under auga og djupe rynker rundt munnvikane. Ho slo på lyset. Rynkene var mindre synlege, som om nokon hadde skrudd tida tilbake. Ho kjende seg skitten der ho stod. Ho fekk lyst å rette på håret, men tvang seg sjølv til å la vere. I døroppinga inn til stova stod ho og følte seg som ein liten hagenisse i forhold til Ole Johannes sin rake figur.

Han snudde seg. Auga var kalde. Auga som ho ein gong hadde gått seg vill i var inneslutta og fråverande. Ho kjende mote sokk som eit anker på djupet. Ho gjekk vidare inn og skrudde på meir lys, gjekk forbi ektemannen og inn på kjøkkenet. Han følgde etter; skritta hans laga den kjende subbelyden mot parketten – lyden som ein gong hadde gitt ho kjensle av å vere beskytta, den faste, trygge lyden. Det knirka i dørkarmen i det han lente seg inntil den.

«Korleis har dagen din vore då?» Gjertrud skrudde på springen. Ho helte i Zalo og fann fram vaskebørsten. Dei hadde ikkje oppvaskmaskin.

«Fin, takk.»

«Så bra.» Gjertrud plukka opp den store panna og dumpa den ned i såpevatnet. Det skvulpa opp og danna ein stor våt flekk på genseren hennar.

«Eg var inne i Florvåg ein tur.»

«Javel?» Gjertrud skotta over skuldra på han. Han stod med armane i kross og såg ned i golvet. Ho kunne kjenne sigarettlukta. Han hadde ikkje barbert seg.

«Eg tenkte det var på tide å selje båten.»

Gjertrud la frå seg vaskebørsten. Ho kjende magen knytte seg. Ho snudde seg mot han, tørka hendene på det skitne kjøkkenhandkle. Han såg opp på ho; ho stirra tilbake.

«Båten?»

«Ja, eg bruker den ikkje lengre. Den tek opp berre tid og pengar.»

«Ja. Du har ikkje brydd deg mykje om den i det siste.» Gjertrud snudde seg mot vasken. Det var blitt heilt mørkt ute no. Ho kunne sjå spegelbilete av dei i glaset. Han stirra stivt på kjøleskapet. Det hang eit bilete av Svanhild og alle barnebarna, eit av Olga og Per som poserte framfor Eiffeltårnet. Eit bilete viste dei to kattane deira. Ein suvenir frå Polarsirkelen hang mellom bileta.

«Nei.»

«Har du funne nokon som er interesserte i den då?»

«Eg hang opp ein notis i Båtforeininga. Det var nokre som sa dei skulle ringje meg.»

Gjertrud nikka på hovudet. Ho skylde pannene i vatn før ho sette dei til tørk. Ho fann fram sjokoladen frå skapet. Ho gjekk inn i stova og plasserte sjokoladen på bordet. TV-en let ho vere av. Ho sette seg ned i den slitte skinnsofaen. Han sette seg i stolen. Sjokoladen rørte han ikkje.

«Korleis har dagen din vore, Gjertrud?»

Gjertrud stirra ut av vindauga. Lysa låg som eit teppe over det som ein gong hadde vore vill natur. Nokre skein oransje, andre skein kvitt. Bilar for forbi og lyste opp i få sekund før mørke la seg igjen.

«Heilt fin, takk.»

Dei to kattane kom gåande inn i stova. Blikket hans festa seg på dørkarmen. Store, mørke hakk var rissa inn nede på treet. Dei hadde ikkje måla over skaden kattane hadde påført dørkarmen. Han hata det. Gjertrud følgde blikket hans.

«Skulle du ikkje snakke med han dyrlegen?» Ole Johannes følgde dei to dyra med auga. Dei to store kattane sat inntil vitrineskapet. Det var begynt å dukke opp spor etter katteklør på den òg.

«Snakke med han om kva?» Gjertrud plukka opp ein sjokoladebit og keik ut vindaugget igjen.

«Du veit godt kva du skulle snakke med han om.»

«Eg tenkte vi kunne forhøyre oss om det gjekk an å fjerne klørne deira.»

«Du veit det ikkje var det eg meinte.»

«Ja. Eg veit det.»

Den eine katten hoppa opp i fanget hans. Ole Johannes let hendene liggje slapt på armlena. Gjertrud fekk eit sterkt ønske om å lene seg fram og plukke dyret opp frå fanget hans. Eit stakars hjelpelaust dyr; katten deira. Ho vart sitjande, stirra på den grå hokatten som nærma seg ti år.

Ole Johannes tok tak i den og slapp ho hardt ned på golvet. Han stirra ut vindaugget. Gjertrud kjende ein kulde kome snikande langs golvet. Ho såg seg om etter eit teppe. Det var ingen

teppe i stova. Det hadde alltid vore så varm der inne. Kanskje det var på tide å fyre i peisen. Ho reiste seg.

«Kvar skal du?» Han såg på ho med kalde auge.

«Hente ved. Eg vil fyre i peisen.»

«Det trengs ikkje.»

«Jo. Eg frys.»

«Kle meir på deg.»

«Eg vil fyre i peisen.»

«Eg vil ikkje fyre i peisen.»

«Kvifor skal det plage deg så mykje?»

«Det plagar meg ikkje.»

Gjertrud sette seg. Dei hørte ein skrapelyd. Dei snudde begge blikket mot vitrineskapet. Begge kattane stod strekt oppetter treet, med klørne djupt ned i materialet. Ole Johannes snudde seg bort. Auga hans var enda kaldare i det han møtte Gjertrud sitt blikk.

«Skal eg hive dei ut ei lita stund? Kanskje det vil hjelpe. Dei haldt på slik i heile natt òg. Inn og ut av soverommet; skrapa på kommoden heile tida.»

Ole Johannes flytta blikket vekk. Han la armane i kross over den oppblåste magen, ho kunne sjå han bite kjeven hardt saman. Han stirra på kattane med ein nyve mellom augnebryna, han såg ikkje på ho når han svara.

«Det er ikkje vits, lengre.»

«Ikkje?»

«Nei.»

Dei vart sitjande i stillheit. Sjokoladen vart ståande i fred. Kattane skrapa seg ferdig. Peisen vart ikkje fyrte opp. Han reiste seg, kasta eit blikk mot Gjertrud, men møtte aldri blikket hennar. Han gjekk ut av rommet. Gjertrud stirra ut vindaugget, der såg ho bilen rygga ut og køyrde vekk.